

FORELDRE/FORESATTE TIL BARN SOM SKAL STARTE PÅ SKULEN HAUSTEN 2012

Informasjon om avslutning av barnehagetida og overgang til skulen

Avslutning av barnehagetida:

Dette året arbeider vi med temaet Kardemomme by og vi ønsker å ta med regnbuegruppa, altså ditt barn til Kristiansand i dyreparkens kardemomme by. Dette vert avslutningsmarkeringa som barnehagen gjer dette året. Vi kjem tilbake med dato og mer detaljer i eit brev i februar. Togreise frem og tilbake og inngangspenger til dyreparken vil barnehagen dekke.

På foreldresamtale i haust bed vi dykk om samtykke til å gje informasjon til skulen. På foreldresamtale i mars/april ser vi på overføringsskjema som skal til skulen og vi bed dykk følge ut skjema om barnet skal gå i barnehagen til skulestart eller SFO fra 1.august. I tillegg bed vi dykk foreslå fleire barn som ditt barn kan gå i klasse med.

Overgang til skulen

I barnehagen har vi gode rutiner for gradvis tilvenning til skulen. Desse ligg på vår heimeside www.minbarnehage.no/adalen sjå regnbuegruppa og årshjul

Dette er nyttig for dere foreldre å vite allereie nå:

-De vil få velge om barnet skal gå i barnehagen fram til skulestart eller starte i SFO 1.aug.2012. Barn som ikkje skal nytta SFO tilbud i første klasse, beheld barnehagplassen fram til skulestart.

-Før barnet evt starter i SFO må det ha avviklet ferien sin dvs 3 veker samanhengende.

-Når det gjeld betaling vil de betale for det tilbudet de velger. Barn som ikkje skal ha SFO , betaler for halv måned i barnehagen. Juli er betalingsfri måned, så rekninga kjem i august.

Ferieavvikling:

Barn i barnehagen skal ta ut ferie i perioden 01.06-15.08. Barn som starter i SFO 1.august, må ta ut 3 veker samanhengande i perioden 01.06-31.07. Barnehagen har stengt de to siste vekene i juli (29 og 30).

Meir utfyllende informasjon om betaling og ferie finn det på heimesida vår, sjå vedlegget: vedtekter

Me håper at dette kan være nyttig informasjon og dersom noko er uklart eller de har kommentarer kan desse rettast til pedagogisk leiar eller styrar.

Mvh
Ellen Marie Svendsvoll
styrar